



Utval:	<b>Planutvalet</b>
Møtestad:	Møterom, Midsund omsorgsenter
Dato:	09.05.2016
Tid:	09:00

Vi minner om reglane i kommunelova om møteplikt og lovleg forfall, og rett til fri frå arbeid. Forfall med grunngeving må meldast snarast på telefon 71270500. Varamedlemar skal ikkje møte utan særskilt innkalling. Dersom det er behov for meir informasjon i sakene, ta kontakt med rådmann før møtet. Innsyn i ikkje utsendte saksdokument kan du få ved å henvende deg til servicetorget. Nye forslag/endringsforslag bør vere utforma på førehand for å sikre betre møteeffektivitet. Eventuelle habilitetsspørsmål bør avklarast med ordføraren før møtet.

**SAKSLISTE**

<b>Saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkivsaknr</b>
PS 16/6	Referatsaker	
PS 16/7	Reguleringsplan for E39 Romsdalsfjorden, parsell: Vik - Julbøen. Del av plana som gjeld Midsund kommune - utlegging til offentlig ettersyn	2014/388

Midsund, 9. mai 2016

Odd Helge Gangstad  
Ordførar

  
Malvin Gjendem Bjørnerem  
Utvalsekretær





**Midsund kommune**  
Teknisk

Arkivsak: 2014/388-34  
Arkiv: L12  
Saksbeh: Inge Rakvåg  
Dato: 02.05.2016

**Saksframlegg**

**Reguleringsplan for E39 Romsdalsfjorden, parsell: Vik - Julbøen. Del av plana som gjeld Midsund kommune - utlegging til offentlig ettersyn**

Utvalsak	Utval	Møtedato
16/7	Planutvalet	09.05.2016

**Forslag til vedtak:**

Planutvalet godkjenner med heimel i plan –og bygningslova § 12-10 at forslaget til detaljregulering for E39 Romsdalsfjorden, parsell: Vik – Julbøen, plandokument datert 31.03.16, vert lagt ut til offentlig ettersyn.  
Den del av planen som gjeld Midsund kommune.

**Saksutgreiing:**

Planidentifikasjon: 2016001

Plansituasjon: Kommunedelplan, «Møreaksen E 39 Vestnes - Molde med arm til Gossen». Vedteke i kommunestyret sak - 13/70 den 07.11.2013.

Søklar: Statens vegvesen, Region midt


Omfang av reguleringsplan: Molde, Vestnes og Midsund kommunar.

Bakgrunn: Parsellen er ein del av ferjefri E39 frå Kristiansand til Trondheim. Reguleringsplanen omfattar kryssing av Romsdalsfjorden. Frå Vik i Vestnes om Nautneset på Otrøya til Julbøen i Molde:

- Vik – Nautneset, beståande av tunell på ca. 1600 m.
- Nautneset – Julbøen, beståande av bru på 1625 m.

Godkjent planprogram i K - sak 15/15 av 12.03.15.

## Oversiktskart.



## Vurdering:

Statens vegvesen er forslagstillar og fagmyndighet vedr. riks -og fylkesvegprosjekt. Det å planleggje og seinare byggje eit slikt omfattande samferdselstiltak i eit krevjande terreng som på Nautneset er utfordrande, med bratte skråningar og kort avstand mellom sjø og fjell. Derfor har det vore mange løysingar på kryssutforminga og andre tiltak. Det er no 2 alternativ som står igjen, eit inne i fjellet og eit utvendig. Kollektivtransport er eit viktig område, på Nautneset er det i forslaget 5 busslommer. Det har også vore krevjande å få til P-plassar (o\_SPA) 50 stk, samt ein rasteplass (o\_SR). Desse er ikkje ferdig planlagt, men i reguleringsplanen er det avsett areal.

Det er når planforslaget er ferdig at ein får sjå alle detaljane i samanheng.

## Konklusjon.

Slik planforslaget ligg føre samsvarer med godkjent planprogram. Rådmannen rår til at planforslaget blir lagt ut til offentleg høyring.

## **Økonomiske / administrative konsekvensar:**

Ingen

Ketil Ugelvik  
Rådmann

Inge Rakvåg  
Teknisk sjef

**Vedlegg (prenta):** Oversendingsbrev av 29.04.16

Plankart av 30.03.16  
Reguleringsføresegner av 30.03.16  
Planomtale av 30.03.16

**Vedlegg (uprenta):** Mappe

**Særutskrift går til:** Statens vegvesen Region midt.